



TYSNES KOMMUNE

## ÅRSMELDING 2016

FOR KONTROLLUTVALET I

TYSNES KOMMUNE



## **1 Føremål og oppgåver for kontrollutvalet**

Kontrollutvalet har som oppgåve å føre tilsyn med den kommunale forvaltninga, på kommunestyret sine vegne. Kontrollutvalet skal også sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning. Oppgåvene til utvalet omfattar alt innanfor tilsyn og kontroll, både rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll. I «Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar» finn ein kva som er oppgåvene til kontrollutvalet.

**«Føremålet med kontrollutvalet sitt arbeid er å medverke til at det vert allmenn tillit til at kommunen sine oppgåver vert løyst på best mogleg måte, og i samsvar med gjeldande lover og forskrifter.»**

## **2 Samansetjing av kontrollutvalet.**

**Kontrollutvalet for perioden 2015 – 2019 er slik samansett :**

**Medlemmer :**

1. Britt Sørensen Dalsgård, (Ap), leiar
2. Lorentz Lunde, (Krf), nestleiar
3. Patrick Russel Madsen (Ap)
4. Magne Ivar Fauskanger (FrP)
5. Kirsten Gunn Epland (H)

**Varamedlemmer :**

Vara for 1, 2 og 3:

1. Lars Enes, (Krf)
2. Lene Bergesen Kleppe, (Ap)
3. Inger Johanne Røssland (Ap)

Vara for 4 og 5:

1. Helge Hauge (Sp)
2. Linbjørg Lunde, (V)
3. Arne Onarheim, (H)

I følgje lova skal minst ein av medlemmane i kontrollutvalet og vera medlem av kommunestyret. Patrick Russel Madsen er kommunestyremedlem.

## **3 Om verksemda til kontrollutvalet i 2016**

- Kontrollutvalet hadde 5 møter i 2016, og handsama 53 saker.
- Kontrollutvalet har åpne møter.
- Ordførar har møterett i kontrollutvalet og har møtt på nokre av møta.
- Rådmann og andre tilsette i kommunen har møtt for å informera til kontrollutvalet, når dei har vorte innkalla.
- Revisjonen har også møtt på møta i kontrollutvalet.
- Kontrollutvalet har fått tilgang til den informasjonen det vart bede om.

## **4 Sekretariatsordninga**

I kommunelova § 77 pk.10 står det at kommunestyret skal sørja for sekretær bistand til kontrollutvalet. Sekretærfunksjonen kan ikkje leggast til kommunen sin administrasjon.

**Forskrift om kontrollutval § 20 seier at kommunestyret skal sørja for at kontrollutvalet har sekretariatsteneste som tilfredsstiller utvalet sitt behov. Sekretariatet skal til ei kvar tid yte kontrollutvalet den bistand som kontrollutvalet har trøng for.**

Sekretariat for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune utfører sekretariatstenesta for kontrollutvalet i Tysnes kommune. Kari Nygard har utført sekretær oppgåver på kontrollutvalsmøta.

Sekretariat for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune er også sekretariat for kontrollutvalet i fylkeskommunen, samt kontrollutvala i desse kommunane: Tysnes, Stord, Kvinnherad, Bømlo, Fitjar, Ulvik, Eidfjord, Kvam, Ullensvang, Odda, Voss, Fusa, Øygarden, Sund, og Samnanger.

I 2015 vedtok kommunestyret å lysa sekretariatstenester for kontrollutvalet ut på anbod. Etter anbodskonkurranse gjorde kommunestyret slikt vedtak i møte 08.11.16.:

**«Tysnes kommune ingår kontrakt med Hordaland fylkeskommune om sekretariatstenester for kontrollutvalet i Tysnes i samsvar med innkomne tilbod.»**

Avtale er underteika og gjeld frå 01.01.2017 til 31.07.2020, med opsjon på å forlenga avtalen med 1 år + 1 år.

## **5 Revisionstenesta**

Kontrollutvalet skal på vegne av kommunestyret ha tilsyn med den kommunale forvaltinga. Utvalet må halda seg orientert om kva saker revisjonen arbeider med og føra tilsyn med at revisjonsarbeidet er à jour og føregår i samsvar med forskrift og vedtak.

Deloitte AS er revisor for Tysnes kommune. Tidlegare revisjonsavtale var gjeldande fram til og med 30.06.2016. Det vart gjennomført konkurranse og innhenting av tilbod på revisionstenester for ny periode våren 2016. Etter anbodskonkurransen gjorde kommunestyret, etter tilråding frå kontrollutvalet, slike vedtak i møte 26.04.2016.:

«Kommunestyret i Tysnes kommune vel Deloitte AS som revisor frå 01.07.2016 til 30.06.2020.

Deloitte har lagt fram revisjonsmelding, slik kravet er, samt rapportar og annan informasjon om revisjonen sitt arbeid.

*På grunnlag av revisjonen sine rapportar, rekneskapsplan og annan informasjon, har utvalet ført tilsyn med at forvaltinga er i samsvar med gjeldande lover, forskrifter og vedtak. Utvalet skal vidare i samarbeid med revisjonen gjennomföra ei systematisk vurdering av bruk og forvaltning av dei kommunale midlar, med utgangspunkt i oppgåver, ressursbruk og oppnådde resultat (forvaltningsrevisjon).*

Til dagleg er det den valde revisor som utfører tilsynet og kontrollen mot kommunen, men kontrollutvalet har eit eige ansvar med å sjå til at arbeidet vert tilfredstillande utført. Kommunelova stiller krav om at utvalet sjølv må visa ei aktiv haldning. For å få utført det arbeid utvalet er pålagt, er ein avhengig av god kommunikasjon med kommunestyret, administrasjonen i kommunen og revisor. Samarbeidet har vore godt med dei aktuelle aktørar. Ansvarleg revisor har vore partner i Deloitte Bjarne Ryland, som i tråd med regelverket har lagt fram eigenvurdering for at Deloitte er uavhengig i høve til Tysnes kommune. Erlend Haug har vore kontaktperson hjå Deloitte når det gjeld arbeid med rekneskapsrevisjon, og er den som har møtt i slike saker i kontrollutvalet.

## **6 Forum for kontroll og tilsyn (FKT)**

FKT er ein landsomfattande organisasjon som har som oppgåve å vera møte- og kompetansepllass for kontrollutvala og deira sekretariat. Kontrollutvalet i Tysnes kommune er medlem i FKT.

## **7 Opplæring**

Dei fleste medlemmane i det nye kontrollutvalet deltok på folkevaldopplæring for kontrollutvala i Hordaland, som vart gjennomført på Solstrand i januar 2016.

## **8 Tysnes kommune si heimeside og bruk av elektronisk møteinkalling.**

Tysnes kommune har arbeidd med tilrettelegging og tilpassing av ny heimeside den siste tida. Kontrollutvalet har fått informasjon om arbeidet underveis, og har kome med innspel til organisering og innhald, særleg vedr. utforming av opplysningar som gjeld kontrollutvalet.

Kontrollutvalet, til liks med dei andre politiske utvala i Tysnes kommune, brukar lesebrett på møta, og får innkalling til møter elektronisk. For å nytta denne arbeidsmåten i politiske utval er det ein føresetnad at heimesida er godt tilrettelagt, og at innkallingar og protokollar vert lagt ut her etter kvart. Dette har kome godt på plass i løpet av 2016, og kontrollutvalet ønskjer at arbeid med tilrettelegging av opplysningar på heimesida vert vidareført.

## **9 Arbeid med forvaltningsrevisjon.**

**Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 – 2020**

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 10 om Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon lyd slik:

*"Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegere til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden.*

**Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på de ulike sektorer og virksomheter.”**

Deloitte AS har i 2016, på bestilling fra kontrollutvalet, leia arbeidet med analyse og plan for forvaltningsrevisjon i Tysnes kommune. I analysearbeidet vart både administrativ og politisk leiing involvert. Vidare vart kontrollutvalet i sterk grad involvert, m.a. i 2 prosessmøte, som til slutt enda opp i at utvalet laga innstilling til kommunestyret på plan for forvaltningsrevisjon for 2016 – 2020. Planen vart vedteken, med nokre endringar i rekkefølge på prioriterte prosjekt, i kommunestyremøte 13.12.2016.

### **9.1 Gjennomførte forvaltningsrevisjonsprosjekt i 2016.**

Forvaltningsrevisjon er eit verktøy som kommunestyret og kontrollutvalet skal nytta for å sikre at kommunen på best mogleg måte tek omsyn til innbyggjarane sine behov og rettar..

Forvaltningsrevisjon er ein av dei pålagde oppgåvene til kontrollutvalet. I forskrift for kontrollutval står det at «*Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens virksomhet årlig blir gjenstand for forvaltningsrevisjon.*»

I 2015 vart det gjennomført forvaltningsrevisjon av tenesteområdet plan- og byggesaker i Tysnes kommune. Oppstart vart vedteke i kontrollutvalet 09.02.15. Føremålet med forvaltningsrevisjonen skulle vera å vurdera om Tysnes kommune har gode system og rutinar knytt til sakshandsaming innan plan- og byggesaksområdet, og om kommunen gir god informasjon og rettleiing til søkerar i plan- og byggesaker.

Det var målsetjing at rapport etter forvaltningsrevisjonen skulle leggast fram hausten 2015, men gjennomføring av arbeidet tok meir tid enn forventa. Rapport etter arbeidet vart lagt fram i kontrollutvalet sitt møte 18.02.2016. Det vart gjort slik innstilling i saka då den vart oversendt til kommunestyret:

«A. Kommunestyret ber rådmann om å syta for at følgjande tiltak vert sett i verk:

1. Oppdaterer administrativt delegasjonsreglement slik at det blir vist til siste versjon av plan- og bygningslova.
2. Vurderer å opplyse søkerar tidleg om at det kan bli aktuelt for kommunen å etterspørje dokumentasjon knytt til byggjesøknadar fleire gongar.
3. Gjennomfører systematiske risikovurderinger av arbeidsprosessane innanfor plan- og byggesakshandsaminga og set i verk tiltak for å redusere eventuell uønskt risiko.
4. Sikrar at det blir utarbeidd felles rutinar, malar og sjekklister til bruk i plan- og byggesakshandsaminga.
5. Sikrar at rutinar og arbeidsprosessar i plan- og byggesaksarbeidet blir jamleg evaluert.
6. Utbetrar nettsidene slik at informasjon om plan- og byggesaker blir lett å finne fram til for innbyggjarane.
7. Sikrar at lovpålagede fristar for handsaming av plan- og byggesaker, inkludert klagesaker, alltid blir etterlevd.
8. Sikrar at det blir mogleg å ta ut relevant statistikk frå sakshandsamingssystemet som gjev rask og sikker oversikt over sakshandsamningstid.
9. Vurderer å utarbeide dokument som omtalar kven som har ansvar for kva oppgåver knytt til innkrevjing av gebyr og som tydeleggjer når ulike gebyr skal krevjast inn.
10. Sikrar at det blir gitt reduksjon i gebyr i plansaker der frist for 1. gangshandsaming er overskride.
11. Sikrar at gebyrregulativet sine føresegner om gebyrreduksjon i samband med handsaming av private plansaker, samsvarar med føresegner om gebyrreduksjon i forskrift om tidsfristar.

B. Kommunestyret ber rådmann om at det vert laga ein handlingsplan som syner kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingar i rapporten, når tiltaka skal setjast i

*verk, og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga. Kommunestyret ber om at slik handlingsplan vert lagt fram innan 01.09.2016.»*

Kommunestyret gjorde samrøystes vedtak i møte 26.04.16, som var i tråd med innstillinga frå kontrollutvalet.

Kontrollutvalet fekk i sitt møte 29.09.16 informasjon om arbeid med oppfølging av dei punkta som var påpeika etter forvaltningsrevisjonen. Frå handsaming av saka står:

*«Rådmann Steinar Dalland orienterte og gjekk gjennom punkta som skal følgjast opp etter forvaltningsrevisjonen. Pkt. 1, 2, 6 og 8 er følgt opp. Det vert nå arbeidd vidare med å få på plass eit internkontrollsysteem for plan og byggesak. Det vil vera fokus på risikovurdering, opplæring og rutinar for arbeidsområda. Det er gjort vedtak i kommunestyret om at det skal leggast fram eit oppdatert system for internkontroll for fagområde plan og byggesak innan juni 2017. Kontrollutvalet vil såleis ha ei tilbakemelding om dette arbeidet i første møte hausten 2017.»*

Kontrollutvalet gjorde slikt samrøystes vedtak:

- Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som er gjort i samband med oppfølging av tiltak i samband med forvaltningsrevisjon av plan- og byggesaker.
- Kontrollutvalet ber om ny status for oppfølgingsarbeidet i første møte hausten 2017.

## **9.2 Oppfølging av tidlegare gjennomførte forvaltningsrevisjonsprosjekt.**

I 2013 vart forvaltningsrevisjon av «Tilpassa opplæring og spesialundervisning i grunnskulen» gjennomført. I etterkant av denne forvaltningsrevisjonen utarbeidde Tysnes kommune i 2014 «Plan for tilpassa opplæring, spesialundervisning og spesialpedagogisk hjelpe». I arbeidet med planen blei, mellom anna, tilrådingar som kom fram i forvaltningsrevisjonen nytta. Kontrollutvalet har fått informasjon og gjennomgang av innhaldet i planen.

Kontrollutvalet vil vurdera om det er aktuelt å etterspørja informasjon om arbeidet med å ta i bruk «Plan for tilpassa opplæring, spesialundervisning og spesialpedagogisk hjelpe», for å sjå til at tilrådingar etter forvaltningsrevisjonen av dette tenesteområdet er gjennomført.

## **10 Arbeid med selskapskontroll**

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 13 Selskapskontroll lyd slik:

*"Kontrollutvalget skal påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens interesser i selskaper m.m. Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av selskapskontroll. Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkekommunens eierskap ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for selskapskontroll på de ulike sektorer og med de ulike selskapene. Planen skal vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegera til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden. Kontrollutvalget avgjør selv hvem som på dets vegne skal gjennomføre selskapskontroll."*

Deloitte AS har i 2016, på bestilling frå kontrollutvalet, leia arbeidet med analyse og plan for selskapskontroll i Tysnes kommune. I analysearbeidet vart både administrativ og politisk leiing involvert. Vidare vart kontrollutvalet i sterk grad involvert, m.a. i 2 prosessmøter, som til slutt enda opp i at utvalet laga innstilling til kommunestyret på plan for selskapskontroll for 2016 – 2020. Planen vart vedteken i tråd med innstillinga i kommunestyremøte 13.12.2016.

### **10.1 Gjennomførte selskapskontrollar, oppfølgingsarbeid og bedriftsbesøk.**

Det er ikkje gjennomført selskapskontroll eller bedriftsbesøk i 2016 i nokon av dei selskap som kommunen har eigarskap i.

### **10.2 Eigarskapsmelding for Tysnes kommune 2013 - 2015**

Eigarskapsmeldinga vart vedteke i kommunestyret 18.06.13. Arbeidet med denne meldinga er med på å gje eit godt grunnlag for å utøva eigarskapen som kommunen har på ein tilfredstillande måte. Kontrollutvalet vil halda seg orientert om arbeidet med å følgja opp eigarskapsmelding for Tysnes kommune vidare framover.

## **11 Arbeid med rekneskapsrevision og den økonomiske situasjonen i Tysnes kommune.**

Kontrollutvalet sin uttale om Tysnes kommune sin årsrekneskap for 2015, hadde bl.a med desse opplysningane:

- driftsrekneskapen viste kr. 161.967.000 til fordeling drift,
- eit rekneskapsmessig meir-/mindreforbruk på kr. 0, og
- eit positivt netto driftsresultat på kr. 2.641.000.

Frå rådmann si årsmelding er trekt fram:

«Netto driftsresultat er på 2,6 millionar kroner, svarande til 1,1 %. Dette er ein nokså stor nedgang frå 2014. Dette skuldast som allereide nemnd dels ein positiv eingongseffekt i 2014 knytt til arbeidsgjevaravgift. I tillegg har me i 2015 auka avdrag på lån 2,9 millionar kroner i høve til 2014.

*Det er verdt å merka seg at me gjennom året har betalt ca. 4 millionar kroner meir i avdrag på lån enn det som er berekna som minimum for lånegjelda vår. Motivasjonen for å betale såpass ned på lånegjelda i dag, er å skape eit framtidig handlingsrom når me i åra framover må ta opp nye store lån (nytt omsorgssenter samt vedteken opprusting av Tysnes skule). Dersom me i 2015 hadde nytt oss av minimumsavdrag på gjeld ville netto driftsresultat auka til 2,8 %.»*

Oppsummering/tilrådingar frå kontrollutvalet vedr. årsrekneskap og årsmelding for 2015:

- Kontrollutvalet merkar seg at det økonomiske driftsresultatet for 2015 er svakt, og ligg under både gjennomsnittet i landet og TBU sine tilrådingar.
- Kontrollutvalet har merka seg at det er betalt ekstra låneavdrag i 2015, og at dersom ein hadde nytt minimumsavdrag hadde driftsresultat vore tett oppunder 3%.
- Kontrollutvalet vil presisera at tilrådingar frå revisor i revisjonsrapport nr. 4 må følgjast opp.
- Kontrollutvalet merkar seg og at det er tilfredstilande nivå på både lånegjeld og disposisjonsfond.
- Utvalet har ellers ingen ting å merka til måten rekneskap og årsmelding for Tysnes kommune for 2015 er lagt fram på.

## **12 Tilsyn frå Fylkesmannen.**

Når til dømes Fylkesmannen gjennomfører tilsyn i kommunane, vert det utarbeida rapport etter tilsynet, som vert sendt til kommunen. I rapportar etter slik gjennomgang av tenesteområde, gjev Fylkesmannen tilråding, melding eller pålegg til kommunen om kva som bør følgjast opp innanfor saksfeltet. Når påpeikingane er følgd opp og utført på ein tilfredstilande måte, sender Fylkesmannen melding om at tilsynssaka er avslutta. Kontrollutvalet ser det som ei av sine oppgåver å følgja med i slike tilsynssaker.

Følgjande tilsyn er gjennomført i Tysnes kommune i 2016:

- Tilsyn med Tenester for utviklingshemma, v/ Fylkesmannen
  - Tilsyn med helse- og sosiale tenester vedr. rus og psykiatri til personar 18 år og eldre, v/Fylkesmannen
  - Tilsyn med landbrukskontoret vedr. SMIL-midlar og avløysingsmidlar v/Fylkesmannen
- Kontrollutvalet har fått seg førelagt rapport etter dei fleste av tilsyna.

Det er i tillegg og gjennomført eindel interne tilsyn i eigenregi i kommunen.

## **13 Andre saker / orienteringssaker i kontrollutvalet i 2016.**

- Kontrollrapport og årsmelding vedr. skatteoppkrevjarfunksjonen for Tysnes kommune
- Orientering om rutinar for innkjøpsarbeid i Tysnes kommune, særleg med fokus på anskaffing av tenester, samt kontrakts- og leverandør oppfølging for prosjekt med bygging av nytt omsorgssenter.
- Orienteringssak om gebyrordning, fastsettjing av gebyr, klagefristar og praktisering av regelverk for gebyr
- Handsaming av sak vedr. henvending som gjeld kommunalt honorar for behandling av søknad om bygging av naust.
- Årsmelding for kontrollutvalet for 2015
- Drøfting av aktuelle kurs i regi av revisor
- Budsjettframlegg for kontrollutvalet sitt ansvarsområde, og
- Budsjettstatus for KUV-budsjett, underveis i året

- Tertiarrapportar for kommunerekneskapen
- Finansforvaltningsrapportar
- Utvalet har og som faste punkt på saklista – referatsaker og gjennomgang av møteprotokollar frå kommunestyret, formannskapet og hovudutvala.

#### **14 Vidareføring av evalueringssarbeid frå kontrollutvalet i forrige valperiode**

Kontrollutvalet har som målsetjing å følgja opp nokre av punkta som kom fram ved oppsummering etter evaluering av kontrollutvalsarbeidet i forrige valperiode. Dei viktigaste punkta til oppfølging er:

- a) Ein bør normalt unngå at det vert sett i gang forvaltningsrevisjon innan områder der det og har vore tilsyn frå statlege myndigheter. Det vart lagt vekt på at ein må arbeida for å få til gode prosjekt som kommunen kan hausta lærdom av.
- b) Viktig at det vert skapt forståing for KUV sitt arbeid. Kontrollutvalet ønskjer at roller, oppgåver og ansvar for kontrollutvalet vert presentert for kommunestyret.
- c) KUV bør planlegga å ha nokre møter utanfor rådhuset. Det skal lagast ein oversikt over aktuelle bedrifter, institusjonar og saksområde i kommunen, slik at KUV kan drøfta dette vidare.
- d) KUV ønskjer å planlegga sekvensar med folkevaldopplæring vidare utover i KUV-møter. Det må og planleggast å nytta tilbod om kursdagar frå Deloitte.

Tysnes 08.02.2017

Britt Sørensen Dalsgård  
leiar i kontrollutvalet